

## Kloden vår er i alvorleg trøbbel

Dei menneskeskapte klimaendringane blir diverre meir og meir synlege. Vi ser det ikkje berre i form av ras og stadig meir intens nedbør. Nei, den grønlandske innlandsisen og isbreane i Antarktis smeltar også rekordraskt. Sistnemnte fordi havet blir stadig varmare, og dette gjer at breane smeltar frå undersida. Klimaforskarar har varskua mot dette lenge, og med unntak av Donald Trump, forstår no dei aller fleste at det må handling til.

I sist veke kom den triste meldinga om at den flotte isbreen Okjökull på Island måtte gi tapt for klimaendringane. Breen kjempa tappert heilt fram til det siste, men mot global oppvarming var det ingen medisin som virka. No er den kvite kappa på toppen av det vulkanske fjellet Ok smelta bort, og for første gong har ein namngjeven isbre på Island blitt permanent borte.

I tillegg til det eg har nemnt ovanfor, står store deler av regnskogen i Amazonas i brann. Konsekvensane kan bli dramatiske, for skogen vi snakkar om produserer 20 % av all oksygen på jorda.

Midt oppi det heile har vår eiga regjering brukt heile sommaren på å diskutera bompengar. Det er ikkje rart at ungdommen vår streikar for ein ny kurs i klimapolitikken, samtidig som fleire og fleire gir si støtte til Miljøpartiet Dei Grøne.

Kloden vår er i alvorleg trøbbel, og det kviler eit stort ansvar på statsleiarar og andre om å ta grep før klimaendringane blir irreversible. Vi har berre ein klode, og den må vi ta vare på.

Har så dette noko og gjera i ein lokal valkamp? Ja, sjølvsagt. Klimaendringane vil ha konsekvensar for oss alle, og dei vil medføra at norske kommunar i åra framover må bruka mykje meir ressursar på handtering av dagens og morgondagens vêr og klima. Di lenger vi ventar med tilpassingane, di meir vil det kosta.

**Klimaendringane krev handling no - Stem Grønt ved valet i september.**

Knut Førland  
Listekandidat  
Miljøpartiet Dei Grøne Kvinnherad